

Norges Fjordhestlag
Myroldhaug
6770 Nordfjordeid

Referat frå styremøte Norges Fjordhestlag

Møte: 04/2021 Type: Skype
Tid: Onsdag 24.03 kl. 20.00.

Desse deltok:
Hege Sæther Moen
Vidar Heggheim
Maren Løken
Ingvild R. Hansen
Ben Hjelmervik
Giljar Groven
Bjørn Vollstad

Orienteringssaker:
Referat frå møtet i avlsutvalet.
Planlegging av årsmøtet i NFL.
NM 2021 Linnesvollen
Marknadsføringsutvalet

Sak 15/21 Godkjenning av referat frå møte 3/21.

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag godkjenner referatet som det ligg føre.

Sak 16/21 Gjennomføringsplan for hingsteutstillinga 2021.

Vedtak:

Norges Fjordhestlag meiner det er viktig at ein viser samfunnsansvar i gjennomføringa av hingsteutstillinga, og tar omsyn til nasjonale og lokale retningslinjer for kva som er lovleg aktivitet og størrelse på arrangement. I tillegg må vi vege viktigheita av ulike delar av utstillinga og vurderingane av hingstane opp mot smitterisiko. Det er også viktig at vi legg til rette for at alle som har meldt hingst får hingsten vurdert, også om restriksjonar gjer det vanskeleg å reise. Dette kan medføre ulike løysingar for ulike hingstar. Vi har tidlegare planlagt for og skissert ei løysing i Fjordhesten, som nå ser ut til å bli vanskeleg å gjennomføre, men som likevel er vår plan A. Ein plan B er eventuelt å utsette arrangementet i tid, og for å redusere smitterisiko kan køyreprøve / bruksprøve tilpassast slik at smitterisikoen reduserast. Innsending av filma prøver digitalt for eksempel. I brev med informasjon

til utstillarane må ein orientere om dette. Plan C om situasjonen er slik at myndighetene ikkje tillet noko form for samling, er film og digital bedømming siste alternativ. Dette er ei betre løysing enn i 2020. Styret gjev leiar Hege Sæther Moen og leiar i avlsutvalet Vidar Heggheim myndigheit til å arbeide vidare med planlegginga av arrangementet.

Sak 17/21 Handlingsplan for dei norske hesterasane- plan for gjennomføring av høyring.

Vedtak:

Handlingsplanen for bevaring og utvikling av dei nasjonale hesterasane 2021 – 2030 sendast Lokal- Distrikts- og Fylkeslag for innspel innan 20.04.2021, før endeleg handsaming i styret for NFL innan høyringsfristen sitt utløp 10.05.21.

Sak 18/21 Prosjekt avlsstall/ministutteri.

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag ønskjer å arbeide vidare med prosjektet Avlsstall/Ministutteri som genererer aktivitet på svært mange felt. Ein må utfordre fagskulen på Norsk Hestesenter til å lage opplegg rundt dette i samarbeid med NMBU, samt få finansieringsordningar som Innovasjon Norge og næringsorganisasjonen Norges Bondelag med på laget.

Sak 19/21 Linjehingst

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag ber avlsutvalet foreslå kandidat på linjehingst for 2021, og styret handsamar saka på e-post!

Sak 20/21 Norangs Minnefond

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag har vedtatt at vald representant frå styret i Norges Fjordhestlag skal ha Norangs plass i minnefondstyret.

Sak 22/21 Godkjenning av namn ved samanslåing av Fylkeslag.

Då Telemark og Vestfold har blitt eit fylke, diskuterer Telemark og Vestfold Fjordhestlag om det vil være fornuftig å slå seg saman. Dette skal handsamast på årsmøtet i laga. Det nye laget vil være medlem i Norges Rytterforbund, slik Telemark har vore sidan midten av 2000-tallet. Det er sendt forespurnad til Idrettskretsen om namneendring om det blir samanslåing av laga, og dei har fått avslag.

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag vil sende eit orienteringsskriv til Norges Rytterforbund som støttar anken til Telemark Fjordhestlag, og som vil gjere det lettare for alle lag å få godkjenning på fylkesnamn på sikt.

Sak 23/21 Ivaretaking av fjordhestfargane med tilrettelagte stønadsordningar.

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag er positiv til innspel og engasjement rundt ivaretaking av fjordhestfargane, og ber avslutvalet handsame innkome forslag og kome med tilråding til styret.

24/21 Arbeidsgruppe for felles Haustmøte 2021

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag har vald Ingvil Rydgjord Hansen og Giljar Groven som NFL sine representantar i arbeidsgruppa for Haustmøtet 2021.

Referent
Asle Espe